



Trollheimen Ordførarane

RINDAL KOMMUNE	
Sentraladm.	
26 OKT. 2010	
R.NR. 10/679	Dok.nr. 4
ARKIV	V06
Saksbeh.	JOA

Fylkesmannen i Nord-Trøndelag
v/ Rovviltnemnda i region 6
Postboks 2600

7734 STEINKJER

Dykkar ref:
«REF»

Vår ref
2010/1280-4

Saksbehandlar
Råg Ranæs

Dato
12.10.2010

YNGLING AV ROVDYR I TROLLHEIMEN

Nok ein beitesesong i Trollheimen er over, og vi kan på ny notere store sauetap i delar av Trollheimen. Som ordførarar i dei seks kommunane som utgjør Trollheimen, ønsker vi å uttrykke vårt sterke ønske om at heile dette fjellområdet blir prioritert beiteområde for bufe.

Trollheimen landskapsvernområde vart freda for å ta vare på eit eigenarta og vakkert fjellområde med skog og seterdalar og eit rikt plante- og dyreliv. Forvaltninga har som mål både å sikre det menneskeskapte kulturlandskapet og villmarka i Trollheimen landskapsvernområde.

Talet på sau som blir sleppte på utmarksbeite har gått sterkt nedover dei siste åra i takt med rovdyra si etablering i same beiteområde. Næringsgrunnlaget for dei familieane som har satsa på ei framtid med sauehald er no truga av dei høge tapstala.


Vi meiner at Rovviltnemnda i region 6 på nytt må sjå på korleis ein prioriterer arealet i Trollheimen mellom yngleområde for rovvilt og beiteområde for bufe. Kommunane Oppdal og Rennebu er definert som prioriterte beiteområde. Resten av Trollheimen er område for yngling av jerv og/eller gaupe. Dette finn vi ikkje logisk.

Med bakgrunn i den nye naturmangfaldlova som trådte i kraft i 2009, meiner vi at Trollheimen sine biologiske, landskapsmessige og økologiske kvalitetar best blir tekne vare på ved berekraftig bruk og vern. Vi vil derfor sterkt oppfordre om at heile Trollheimen blir prioritert som beiteområde for bufe.


Med helsing


Mons Otnes
ordførar i Surnadal


Ivar Syrstad
ordførar i Meldal


John Ole Aspli
ordførar i Rindal


Ståle Refstie
ordførar i Sunndal


Bjørn Rogstad
ordførar i Rennebu


Ola Røtvei
ordførar i Oppdal

Kopi til:

Landbruksdepartementet v/ statssekretær Ola T. Heggem
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

postboks 8007 Dep. 0030 OSLO
Fylkeshuset 6404 MOLDE

Adresse: Bårdshaugvegen 1
6650 Surnadal

E-post: post@surnadal.kommune.no
www.surnadal.kommune.no

Telefon 71 65 58 00
Telefaks

Bank 4040.07.00038
Org.nr 964 981 892